

Lokal forskrift om inntak til International Baccalaureate tilbudet i Hordaland fylkeskommune

Heimel: Fastsett av fylkestinget i Hordaland 09.-10.12.2014 med heimel i forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724 § 6-2

I kraft: 01.01.2015

§ 1 Formål og virkeområde

- (1) Inntak til vidaregåande opplæring reguleras generelt av lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.07.1998 nr 61 § 3-1, forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724, kap. 6 og lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling av læreplass i Hordaland fylkeskommune fastsett av fylkestinget i Hordaland 14.10.2014. Denne forskrifta regulerer inntaket til International Baccalaureate (IB) tilbudet i det offentlege skuletilbodet i Hordaland. Hordaland fylkeskommune tilbyr Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB) over eitt år og IB Diploma Programme, over to år.

§ 2 Språk

- (1) Forskrifta føreligg på norsk og engelsk, ved tolkingstvil gjeld den norske versjonen.

§ 3 Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

- (1) Vilkår for inntak til Vg1 pre-IB er at søkjaren har fullført norsk grunnskole eller tilsvarande. Sjå reglane i forskrift til opplæringslova § 6-13 for kva som reknast som tilsvarande og korleis det kan dokumenterast.
- (2) For å kvalifisere til inntak til pre-IB må søkjaren ha mist karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.

§ 4 Rekkefølge ved inntak til Vg1

- (1) Dersom det meldar seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 6-21. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala utreknast etter ei linjer omrekning der karakterane frå anna karaktersystem vektas mot norsk karakterskala.

§ 5 Inntak til IB Diploma Programme

- (1) Vilkår for inntak til IB Diploma Programme er at søkjaren har bestått Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserande eller tilsvarande. Middle Year Programme 5 eller Grade 10 frå IB kvalifiserer ikkje for inntak til IB Diploma Programme.
- (2) For å kvalifisere til inntak til IB Diploma Programme må søkjaren ha mist karakteren 4 i matematikk (1 T) og 5 i engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.

§ 6 Inntak til 3IB

- (1) IB Diploma Programme er eit kurs over to år med 2IB og 3IB. Det er ikkje ordinært opptak til 3IB, elevar som er tekne inn på 2IB, kan fortsetta på 3IB. Elevar frå andre IB Diploma Programmes «transfer-students» kan søkje inntak til 3IB. Avgjerd om inntak vert teken etter ein individuell vurdering, kor karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.

§ 7 Søknadsfrist

- (1) Søknadsfristen er 1. mars. For søkjarar som flyttar til Hordaland etter søknadsfristen gjeld reglane i § 14 i lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune av 14.10.2014.

§ 8 Søknaden

- (1) Søknad sendast gjennom VIGO. Søkjarar som ikkje kan søkje gjennom VIGO, nyttar eige søknadsskjema.